



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato
09.12.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/15747 632.2
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Tilskott - fagkoordinator rådgjevnad - opplæring innanfor kriminalomsorga

Fylkesmannen i Hordaland er delegert det nasjonale ansvaret for opplæring innanfor kriminalomsorga. Me har etablert nasjonale fagnettverk for lærarane på feltet for å ivareta det særigne med opplæring innanfor rammene av kriminalomsorga. Til å drive nettverka på dei ulike fagområda og arrangere landsdekkjande fagsamlingar, oppnemner me fagkoordinatorar innan ulike fagområde.

Målsetjinga med tilskotet/tildelinga er å gjere fagkoordinatoren i stand til å vere ein aktiv del av det faglege nettverket og utføre oppgåvene som kjem fram i vedlagte skriv, på ein god måte.

Etter avtale med rektor og lærar/rådgjevar ved skulen oppnemner me:

Namn:	Ida Jorem
Skule:	Åsane vgs
Fagområde:	Rådgjevnad
Tidsperiode:	1. januar 2016 – 31. desember 2016.

Tildeling

For året 2016 blir **kr 60.000,-** overført til Hordaland fylkeskommune som skal dekkja utgifter til arbeid og reiser for fagkoordinatorane. Ein del av summen, 10 000 kr, er sett av til å dekkje kostnader i samband med fagsamlingar, til dømes utgifter for faglege innlegg. Summen blir overført til Hordaland fylkeskommune, kontonummer 5201 06 74239, merka *fagkoordinator*.

Fylkesmannen i Hordaland oppmodar rektor på skulen til saman med fagkoordinatoren å avtale korleis tilskotet skal nyttast for å få mest mogleg kontinuitet i koordineringsarbeidet. Fylkesmannen i Hordaland ber om eit revisorrevidert rekneskap for bruken av alle tildelte midlar innan 01.03.2017, jf. 1.3 i *Avtale om statlig tilskudd til fenselsundervisningen* (15. juli 1988). Me gjer og merksame på at §10 i Bevilgningsreglementet gjev Departementet, Fylkesmannen og Riksrevisjonen høve til å føre kontroll med at tildelte midlar blir nytta i samsvar med gjeldande føresetnader.

Fylkesmannen i Hordaland ser fram til vidare samarbeid.

Med helsing

Anne Hjermann
Utdanningsdirektør

Paal Breivik
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Ida Jorem

Vedlegg: Fagnettverket – fordeling av oppgåver og ansvarsområde 2016